

STYRESAK 097/21 Administrerende direktør si orientering pkt. 1
OVERSIKT OVER TILSYNSSAKER I HELSE VEST:
OVERSIKT OVER STATUS I TILSYNSSAKER SOM ER GJENNOMFØRTE,
ELLER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.

Nytt sidan førre rapportering: **Eitt nytt tilsyn sidan førre rapportering.**

Tilsynssaker under arbeid:

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA
Arbeidstilsynet	Helse Fonna HF	Tilsyn med Haugaland DPS. Tilsynet blei satt i verk etter ei uønskt hending i samanheng med eit ambulant oppdrag, der ein medarbeidar blei utsatt for overgrep. Arbeidstilsynet valde deretter å undersøkje «organisatoriske forhold som kan påvirke risikoen for at ansatte kan bli utsatt for vold eller trusler».	Tilsynet har resultert i fire pålegg : - Bedriftshelseteeneste - plan for bistand: Haugaland DPS, avdeling Karmøy har ikkje egen samarbeidsplan med bedriftshelsetenesta. - Pålegg - Vold, trusler om vold og uheldige belastninger - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan: Det er ikkje gjort ein grundig nok kartlegging og risikovurdering. - Pålegg - Vold og trussel om vold – opplæring: Sprik mellom rutinar og praksis. Pålegg om å sette i verk opplæring. - Pålegg - Vold og trussel om vold – informasjon: Arbeidsgivar har ikkje sørge for at medarbeidarane får tilstrekkeleg informasjon om nye pasientar.	Helse Fonna jobbar med å svare ut pålegga.
Statens helsetilsyn	Dei regionale helse- føretaka	Tilsyn med ambulanseflytenesta - Undersøking av om befolkninga i Nord-Noreg får forsvarlege ambulanseflyteenester	Helsetilsynet sin konklusjon: «Pasienter med behov for øyeblikkelig hjelp har fått forsinket transport til forsvarlig behandlingssted, og faktorer innenfor tjenestens kontroll har bidratt til forsinkelsene. De regionale helseforetakene har dermed ikke sørget for at pasienter i Nord-Norge med behov for øyeblikkelig hjelp tilbys forsvarlige og koordinerte ambulanseflytjenester.	Helse Nord RHF er ansvarleg for å følgje opp tilsynet vidare. Dei andre RHF-a deltek i faste oppfølgingsmøter med Helsetilsynet.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA
			Tilsynet har videre avdekket at de regionale helseforetakene ikke har oppfylt sitt ansvar for tilrettelegging og styring av ambulanseflytjenestens aktiviteter. Svikten gjelder plikten til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere ambulanseflytjenesten. Det foreligger etter dette brudd på spesialisthelsetjenesteloven §§ 2-1 a, 2-1 e, 2-2, 3-1 og 3-4 a, jf. helseforetaksloven § 2a, akuttmedisinforskriften §§ 1, 4 og 10 og forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6-9. De regionale helseforetakene har ansvar for at luftambulansetjenesten forvaltes som en nasjonal tjeneste og at ambulansetjenestene i nødvendig grad er samordnet nasjonalt. Lovbruddet omfatter derfor alle de regionale helseforetakene, selv om dette tilsynet spesifikt har undersøkt ambulanseflytjenestene som ytes i Nord Norge.» For meir informasjon om tilsynet, sjå tilsynsrapport og nyheitssak ifrå Helsetilsynet.	
Statens helsetilsyn/ Statsforvalteren i Vestland <i>* Landsomfattende tilsyn (dei andre tilsyna i Helse Vest er lukka).</i>	Helse Førde HF	Fylkesmannen i Vestland har hatt tilsyn med Førde sentralsjukehus i høve til utlokaliserte pasientar.	Fylkesmannen sin konklusjon: «Helse Førde sørgjer ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt». Dette er brot på: Lov om spesialisthelsetjenester m.m. § 3-4 a, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6 til 9.	Helse Førde har hatt løpande dialog med statsforvalteren i etterkant av tilsynet, og sendte siste statusrapport 10. september 2021. Rapporten skildrar i detalj kva tiltak som er sette i verk. Hovudinntrykket er at risikoen i forhold til utlokaliserte pasientar er redusert, men at det framleis er behov for å arbeide vidare med oppfølginga av desse pasientane.